

## Referat frå FAU-møte 30.10.2017

Tid: Kl. 18.00-19.30. Stad: Kantina på skulen.

Desse møtte:

Rektor: Monica T Waage

1.klasse: Åshild Øvre-Helland

2.klasse: Kristin Tredal og Eli Sletten

3.klasse: Charlotte Grøttveit Olsen

4.klasse: Bodil Kaland

5.klasse: Vidar Gjerstad

6. klasse: Kristine Lunde

7.klasse: Elin Gaulen.

### Godkjenning av saksliste.

*OK, ingen merknader.*

### Gjennomgang av referatet frå sist møte.

*Kristine Lunde las igjennom. Tillegg til referatet: Kristin Tredal stiller i den kommunale FAU'n som er nytt i år.*

### 29/17: Oppsummering av Bingokveld.

Me ser at det blei ein utfordring for 2.klassen og skaffe nok gevinstar då dei er veldig få. Dei klarte å stable på plass nok til slutt. Erfaringen blir at ved dei forskjellige arrangementa så må FAU inn å hjelpe dei klassetrinna med få foreldre.

Inntjeninga blei på kr. 8642 og det var berre positive tilbakemeldingar ifrå dei besøkande.

### 30/17: Lavvo og bål plass bak butikken.

Duken på lavvoen lek igjennom. Det er ønskje om ein ny teltduk.

NWP lager slike dukar på mål. Vidar høyre med Træland gård då dei har brukt nwp, og sjekkar pris.

Dei som kan i FAU styret, stillar på plassen i morgon 31.10 kl 17:00 der me bestemmer oss for vegen vidare.

Bodil høyrer med Anders Konglevoll om flytting av gjerde.

### 31/17: Foreldrestyrt dag.

Skøytedag i Bergenshallen 1.februar. FAU betalar for busstransport og opphaldet. Dei ungane som ikkje har, får låne skøyter gratis. Skulen bestillar buss og stillar så mangen assistentar som det er behov for.

Me spør på fb sida vår etter frivilige foreldre til denne dagen, i starten av januar.

### 32/17: Skulegenser?

Elevrådet har fått ein skulegensarkatalog og me i FAU styret skal bestemme om dette er noko for oss. Me meiner det ikkje er behov for dette kjøpepresset. Kan eventuelt sjå på mogelegheit for å sponsa skulegensar ein gong i framtida. Rektor tar denne beslutningen med tilbake til elevrådet slik at dei kan diskutere seg i mellom, og dei gjer tilbakemelding til oss.

### 33/17: Julefest 6.desember.

4 og 6 klasse skal planlegge og styre denne kvelden ihht årshjulet. Det vert kalla inn til møte 16. november.(før mammakvelden)

Frå i fjor: *Vi må ha to kakestasjoner til neste gong, kanskje ein i gangen også. Nærmere 3000 i overskudd. Neste gong må utvasken være bedre, ut med god info til ryddegjengen om dette :)*

Som vanlig, vert besteforeldre innvitert. Kr 50 i inngang pr vaksen. Ungane er gratis.

**34/17: Mammakveld 16.11.**

Kl 18:00 vert det først eit møte om julefesten for 4 og 6.klasse mammaene.

Mammakvelden er i frå kl 19-21:30 i kantina. Alle tar med seg litt snack/mat/brus.

Ved inngongen trekker man ein lapp med fargekode, som seier kvar du skal sitte.

Kristine tar med seg diverse spel og lagar innvitasjon som ho ligg ut på felles fb sida.

**35/17 Anna**

a) Kristine foreslo å kjøpe inn FN flagget. Dette vil me i FAU kjøpe inn i god tid før FN dagen til neste år.

b) Skodvin skulemusikk ønskjer å spele litt gøy musikk for oss, i mellom liten og stor gruppe sin karnevalfeiring i februar. Vi er positive, tar det opp igjen som sak på neste møte.

Skrivar

Vidar Gjerstad